

## **Årsmøte 2018 i Seniornett Eid 19 april 2018 på Kringla kl 13 00**

### **Protokoll**

#### **S.NR SAK**

#### **1 Konstituering av årsmøtet**

Leiaren ønske velkomen til årsmøtet. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader

- A. Solgunn Leivdal vart vald som møteleiar.
- B. Eiliv Berdal vart vald som referent
- C. Svanhild Lothe og Liv Beate Gjerde vald til å skrive under protokollen.
- D. Oppteljing av røysteføre. Det var 16 frammøtte til årsmøtet. Av desse 14 røysteføre medlemmer av Seniornett Eid

#### **2 Godkjenning av årsmelding 2017**

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga. Det kom forslag om denne rettinga under punktet om kurs i 2017:

- Kurset i Adobe Photo Elements 14 vart utsatt og gjennomført våren 2018

*Utanom dette var det ingen merknader og årsmeldinga vart samrøystes godkjent.*

#### **3 Godkjenning av rekneskap.**

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapet for 2017.

Rekneskapet viser eit underskot på kr 12 196,57. I 2017 hadde ein to uteståande innbetalingar frå Eid kommune og Seniornett Norge. Desse er bokført i rekneskapet for 2018, Laget hadde såleis reelt svakt overskot i 2017.

*Med denne merknaden vart rekneskapet for 2017 samrøystes godkjent.*

#### **4 Budsjett 2018**

Sekretæren gjekk gjennom forslaget til budsjett for 2018. I år er det ikkje landsmøte, men leiarane kan bli kalla inn på møte i Seniornett Norge. Eventuelle deltaking i slike kurs og konferansar blir dekt over posten som er sett av til landsmøte. Posten om momsrefusjon er usikker. Sekretæren føl opp dette punktet.

*Med desse merknadane vart budsjettet samrøystes godkjent som grunnlag for arbeidet i styret i 2018.*

## 5 Innkomne saker

Det var ikkje komne inn saker til årsmøtet

## 6 Handlingsplan for 2018.

Det var ikkje lagt fram eit skriftleg forslag til handlingsprogram. Aktiviteten i laget vil bli som før med datakurs og surfekafe som hovudaktivitetar. På surfekafeen vil ein legge meir vekt på å få til temaer - eventuelt temablokker som kan grunnlegg kursrefusjon.

Styret vil følgje opp arbeidet med kursplan og opplegg for temaer på kafedagane.

*Handlingsprogrammet vart samrøstes godkjent.*

## 7 Val

Valnemnda har vore samansett slik:

Bodil Sønderland - leiar

Dagny Rønnekleiv

Else Nesheim

Bodil Sønderland la fram forslaget til valnemnda:

Sigurd Rønnekleiv og Oddrun Hjelle har sagt frå seg attval. Som nye faste medlemmer tilrår valnemnda Turid Sørland og Nils Eivind Rognes. Som ny varamedlem tilrår valnemnda Arvid Fløtre.

*Tilrådinga frå valnemnda var samrøystes vedteken. Det nye styret i Seniornett Eid blir etter dette:*

Styret:

Solgunn Leivdal, leiar – vald for 1 år til 2019

Ragnvald Sandvik - på val i 2019

Turid Sørland – vald for 2 år til 2020

Eiliv Kolsrud Berdal – attval på val i 2020

Nils Eivind Rognes – vald for 2 år til 2020

Varamedlemer:

Svanhild Otterøy Lothe – attval for 2 år til 2020

Arvid Fløtre – vald for 2 år til 2020

Valnemnd

Dagny Rønnekleiv leiar - vald for 2 år til 2020

Bodhild Sønderland - attval på val i 2019

Else Nesheim (vara) vald for 2 år til 2020

Under årsmøtet vart det servert kaffi, rundstykke og to gode kaker baka av leiaren.

Under kaffien overekte leiaren blomster og takka dei avgåande styremedlumene Sigurd Rønnekleiv og Oddrun Hjelle for godt og konstruktivt arbeid i styret over fleire år.

Svanhild Lothe

Svanhild Lothe

Nordfjordeid

19.04.18

Eiliv K. Berdal

Eiliv K. Berdal

referent

Liv Beate Gerde

Liv-Beate Gerde

26/4 18.

Liv-Beate Gerde

26/4 18.